



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Sara Brattfjell Hegglund		2022/4056-80	«REF»	19.12.2023

Kunngjering om vedteken detaljregulering - Detaljregulering for Pollen næringsområde - Sunde - 154/32, 154/17 med fleire - PlanID 20220008

Kvinnherad kommunestyre eigengodkjente forslag til detaljregulering for Pollen næringsområde – Sunde – 154/32, 154/17 med fleire, PlanID 20220008, i møte 30.11.2023 (125/2023). Det er gjennomført endringar i planomtale og i føresegn §§ 2.4.4 og 2.6.5 i samsvar med vilkår som følgjer vedtaket.

Detaljreguleringa legg til rette for næringsutvikling på 154/32 og 154/17 med tilhøyrande infrastruktur. Regulert fortau sikrar mjuke trafikkantar. Eksisterande turveg er sikra for ålmenta med tilhøyrande parkeringsplass.

Gjeldande reguleringsplan, Rv 544 Halsnøysambandet – Halsnøy, PlanID 19980012, vert samstundes oppheva.

Føresegner og planomtale er datert 15.12.2023, og plankart er datert 29.08.2023.

Kommunestyret sitt vedtak kan påklagast til Statsforvalteren i Vestland av den som er part som har rettsleg klageinteresse i plansaka jf. forvaltningslova (fvl) §§ 28- 36 og plan- og bygningslova (pbl) § 1-9. Klagefrist er 3 veker frå tidspunkt vedtaket er kome fram til parten jf. fvl § 29. Den vedtekte reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak jf. pbl § 12-4.

Grunneigar har rett til å krevje innløyasing jf. pbl § 5-2 og krav til erstatning for tap ved reguleringsplan jf. pbl § 15-3. Krav om erstatning om tap ve reguleringsplan må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

Plandokumenter er tilgjengeleg i [planregisteret](#)

Eventuell klage til Statsforvalteren i Vestland skal sendast til post@kvinnherad.kommune.no markert med saksnummer 2022/4056 eller som brev til Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Sara Brattfjell Heggland
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Lonabråtet Eigedom AS
ABO PLAN & ARKITEKTUR AS

Nesdalsvegen 31
Postboks 291